



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **21. september til 27. september**



Måndag 21. Kl. 16.30 - Seniordans - Hillestveit skule

Velkomen til seniordans på Hillestveit skule i regi av Bømlo frivilligsentral. Seniordansen er kvar veke.



Tysdag 22. Kl. 10.00 - Seniortur (middels krevjande) - Våge -

Bli med Bømlo turlag på turen Våge - Hovda - Lyklingefjellet. Start og oppmøte ved Svortland skule kl 10.00. For spørsmål, ta kontakt med Terje Anthun på tlf 476 32 701



Torsdag 24. Kl. 11.30 - Eldredagen - Bømlo kulturhus

Fleire organisasjonar har gått saman og står bak Eldredagen 2026. Det blir eit interessant program og kjekk underhaldning. Billettar kan kjøpast i Bømlo kulturhus eller på nettsida til kulturhuset. Bill.pris kr 150 er inkludert mat.



Laurdag 26. Kl. 19.00 - Rune Bjerga - Bømlo kulturhus

Rune Bjerga frå Stavanger er eit kjent namn på humor- og underhaldningsscenar i heile Norge. Til Bømlo kulturhus kjem han med sitt nyaste show "Rune Bjerga - "Har sykt mye på hjertet" Billettar kan kjøpast i Bømlo kulturhus og på nettsidene til kulturhuset. Bill. pris kr 495

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Eldreveka 2026

Inspirasjon for gode år

Vil du lære meir om korleis du kan halde hjernen frisk, verne deg mot svindel på nett og gjere det enklare å bu heime lenger? Eller vil du ha tips til korleis fysisk aktivitet, gode vanar og eit aktivt nærmiljø kan bidra til betre livskvalitet?

Kvar dag frå **28. september til 2. oktober** mellom **kl. 12.00 og 15.30** kan du delta på gratis digitale forelesingar der du får inspirasjon, nyttig kunnskap og gode råd om tema som er aktuelle for mange av oss.

Meld deg på dei forelesingane som interesserer deg, og inviter gjerne ein venn, nabo eller ein familiemedlem til å følgje med saman med deg. Påmelding finn du på www.aldersvennlig.no



Foto: Senteret for et aldersvennlig Norge

Les mer og meld deg på
aldersvennlig.no

